



ULEFOSS ROTARY KLUBB

## REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
19. april	2018	Liv Sonja Flolid

Kveldens foredrag var ved Karsten Pedersen frå Midt-Telemark Næringsutvikling, med tittelen: **Næringshager i Nome.**

Desse møtte: Ola, Irene, Bjørn E, Hans Petter, Olav Å, Einar, Olav Gaute, Øystein, Hermann, Per S, Asbjørn, Ragnar, Einar E, Bardur, Egil, Per H, Monica, Niels, Kolbjørn, Knut, Svein Tore og Liv Sonja.

President Ola opna med «dagen i dag» 19.april:

Minnedag for Den heilage [Alphegus](#) (i Storbritannia: [Ælfheah](#)). Alphegus vart født i år 953, og var engelsk biskop. I år 994 konfirmerte han Olav Tryggvason. 19. april 1012 ble han drepen av vikingar i Greenwich. Ei kyrkje står i dag på plassen der han skal ha blitt drepen ([St. Alfege Church](#)).

Namnedag: Arnstein og Arnfinn.

Dette skjedde 19.april:

- 1999: Den tyske nasjonalforsamlinga flytta tilbake til Berlin
- 1995: 168 menneske omkom i terrorangrep i Oklahoma City
- 1986: Den første trekninga i pengespelet LOTTO
- 1980: Norges Idrettsting vedtok å boikotte sommar-OL i Moskva.
- 1941: [Bertolt Brecht](#) sitt stykke «[Mor Courage og barna hennes](#)» vart oppført i Zurich
- 1906: Den franske fysikaren [Pierre Curie](#) døyde
- 1882: Den engelske naturforskarer [Charles Darwin](#) døyde
- 1783: Kongressen i USA erklærte at frihetskriegen var slutt

Sitatet: «Tre kan halde på ei hemmelegheit dersom to av dei er døde» (Berthold Brecht).

Svein Tore heldt 3-minutteren, og fortalte ei historie frå eit av sine sitt opphald i Afrika, denne gongen om eit tannlegekontor på grensa til Angola. Å få tannverk milevis frå tettbygde strøk var ingen spøk. Næraste tannlege var hundreogti mil unna, og då tek ein gjerne sjansar. Her var det snakk om eit tannlegekontor på hjul: Ein ombygd pickup der tannlegen hadde alle sakene sine i ei verktøykasse! Det var best å vere fyrste pasient frå morgonen av, for då var utstyret reint! Men han som hadde tannverk og tok sjansen på det primitive tilbodet, kom heilskinna frå hendinga!

Per H om programmet framover: Den 3. mai vert det bursdagsfest for Sara Sofia, full hyggekveld med gjester! Dugnaden i parken vert **måndag 7.mai klokka 18.00**. Ta med rive og saks!

**Så var det representanten frå MTNU, Karsten Pedersen, sin tur.** Presentasjonen frå foredraget gigg på heimesida. Eg berre legg til litt av det han fylte ut med.

Karsten Pedersen har jobba i MTNU sidan 2014, og han er tilsett i ei 50/50 stilling på bedriftsrådgeving og etableringsveiledning. MTNU er 44 % eigd av næringslivet og resten av Midt-Telemark kommunane Bø, Sauherad og Nome. Ein av dei faste postane er Næringsfrokosten på Årnes Kafeteria. Der møter mellom 30 og 40 personar opp kvar gong. Her vert diverse prosjekt og idear presenterte; no sist var det "Telemarksveka" som stod på dagsorden.

Folk kan komme innom for ein prat om kva som helst som angår bedriftsetablering.

No er det etableringa av KOMPETANSEHUS på Ulefoss som er i fokus. I kompetansehuset i bankbygget i Lunde er det så godt som fullt, berre eit kontor på 15 kvadrat er ledig. Her har 16 personar fordelt på 7 føretak funne seg til rette. Ønsket er å få pendlarar til å ha heimekontordagen sitt i kompetansehuset, men til no er det ingen i Lunde som har slått til. Etableringa på Ulefoss skjer i desse dagar. Førebels har to større og to mindre føretak takka ja.

Midt-Telemark er ein svært bra region omdømmemessig. Til dømes vil TV2 gjere «Telemarksveka» til eit fast, årleg evenement. Noko som heilt sikkert vil vise at Midt-Telemark er vel verdt å satse på.

For dei som vil inn og studere det MTNU står for og driv med: Gå inn på [www.mtnu.no/aktivitetskalender](http://www.mtnu.no/aktivitetskalender).

Kolbjørn vann vinen og Ola fekk nappet!



Blid kar: Karsten Pedersen, MNTU



Ulefoss-jentene er populære!